
Saksnr: 2021/7632-1
Saksbehandlar: Grete Kathrine Jacobsen
Dato: 07.04.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør avdeling for innovasjon og næringsutvikling

Årsrapport 2020 Invest in Bergen

Invest in Bergen jobbar for å leggje til rette for nye etableringar i Bergensregionen. Dei strategiske innsatsområda er følgjande: aktivt sal, marknadsføring og sal, på staden service og næringsvenleg offentleg sektor.

Invest in Bergen jobbar langs to hovudspor:

- **Gjere det enkelt for mindre verksemder å etablere seg i regionen.** Invest in Bergen har opparbeid eit godt nettverk for å hjelpe verksemder i etableringsfasen. Dette har vore viktig for å få verksemder hit til oss. Tilbakemeldingane på servicen til Invest in Bergen er god.
- **Vere med å leggje til rette for at store verksemder som krev store areal kan etablere seg i regionen.** Bidra til at areala er så ferdige som dei kan bli for etablering, utan det som er kalla for «raude flagg». Eit døme er merksemda Invest in Bergen har hatt på eit for dårleg kraftnett i regionen. Tilstrekkeleg med kraft er avgjerande for å sikre fleire framtidige etableringar, difor har dette vore arbeidd målretta med i 2020.

Bergen og Bergensregionen har store fortrinn innan havnæringane, og difor har Invest in Bergen ei særleg merksemd på desse næringane.

2020 var Invest in Bergen sitt fjerde driftsår. Som det går fram av den vedlagte årsrapporten har Invest in Bergen i 2020 vore delaktige i fire etableringar, og til tross for eit annleis år med koronapandemien har førespurnadane til Invest in Bergen vore rekordhøge.

Kraftsituasjonen i fylket og store næringsareal har vore viktige fokusområde i 2020. I tillegg har til dømes prosjektet GreenByte vore sentralt. Sistnemnde er ei satsing på å få etablert datasentre i regionen. Sjå vedlagte årsrapport for meir informasjon om arbeidet i 2020.

Invest in Bergen har nyleg hatt eigarmøte. Her blei ny styringsgruppe valgt. Ny leier av styringsgruppa er Sigbjørn Framnes, Vestland fylkeskommune. For meir informasjon om eigarmøte og ny styringsgruppe, sjå vedlagte referat.

Vedlegg

- 1 Årsrapport 2020
- 2 Referat eigarmøte, 12.03.2021